

Nytt misjonsprosjekt: Immanuelkyrkja i Tel Aviv

Immanuelkyrkja er ei vakker lita kyrkje i den gamle bydelen Jaffa i Tel Aviv. Her er det eit fargerikt fellesskap av menneske frå heile verda. Det samlande er trua på at Jesus er Messias, Guds Son. Kyrkja blir driven av Den Norske Israelsmisjon, og visjonen er å gje evangeliet tilbake til det jødiske folket. Dei vil vera ei kyrkje som tar i mot folk med opne armar og viser Jesu kjærleik. Her kjem jødar og ikkje-jødar til eit kristent fellesskap som samlar folk på tvers av kulturelle og sosiale skilje.

Bryne sokneråd har etter tilråding i misjonsutvalet valt å ha det mangfaldige arbeidet og fellesskapet i Immanuelkyrkja som nytt misjonsprosjekt for perioden 2024-2026. Dette etter at avtalen med Stefanusalliansen gjekk ut ved årsskiftet. I tillegg har me ein avtale med NMS om støtte til arbeidet på Madagaskar.

I ei tid med krig og krise i Midt-Austen opplever det norske pastorparet Siv Anita og Eyvind Volle at det er aukande interesse for tru i den israelske storbyen. På julaftan 2023 kom over 200 til gudsteneste i kyrkja, eit høgt tal i denne samanhengen. Det var stor interesse då kyrkjelyden i samarbeid med Bibelselskapet delte ut hebraiske biblar med både GT og NT som julegåve til dei som ville ta imot.

Samarbeidet med Det Israelske Bibelselskapet blei utvida tidleg i 2023, og Bibelselskapet har nå flytta ein del av verksemda inn i kyrkja. Dette er eit samarbeid som kan gje ein vinn-vinn situasjon for begge partar.

Kyrkjelyden har eit allsidig arbeid. Dei feirar gudsteneste kvar sabbat. Dei har barnearbeid og samtalekveldar, diakonale tiltak, konsertar og kunstutstillingar. Og ikkje minst har dei open kyrkje fire dagar i veka kl 10-14. Representantar frå Immanuelkyrkja og Bibelselskapet tar då i mot dei som kjem og kan tilby samtalar om kristen tru. Dei mange glasmåleria til Victor Sparre er ofte innfallsvinkel til slike samtalar. «Åpen kirke har 150-200 besøkende hver uke, der de fleste av dem er israelere» fortalde Eyvind Volle i august 2023.

I tillegg til eige kyrkjelydsarbeid, gir Immanuelkyrkja i løpet av veka rom for seks andre kyrkjelydar, blant anna ein arabisk kyrkjelyd.

Den Norske Israelsmisjon skriv på si nettside: «Vi vil i ord og handling arbeide for fred og forsoning mellom mennesker både i vårt arbeid i Norge og i andre land, og særlig i møte mellom jøder og palestinere.»

Arne Berge